

# MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

Knarvik ungdomsskule

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1655 - 18/2974

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

01.02.2018

## VEDTAK - VEDRØRANDE HELSEVERN GODKJENNING

Knarvik ungdomsskule søkte den 20.06.17, om godkjenning etter «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.» for 360 elevar.

Den 02.01.18 vart det sendt ut varsel om vedtak vedrørende søknad om godkjenning etter forskrifta. Kommentarfrist til varselet var sett til 01.02.18. (Ref. 14/1655 – 17/36025)

I varsel om vedtak vart det påpeikt fylgjande avvik i høve til forskrifta:

- § 1. *Formål*; om at miljøet i skulen skal fremje helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige tilhøve samt førebygger sjukdom og skade.
- § 9. *Utforming og innredning*; lokalane skal vere utforma og innreia slik at forskriftas føremål vert teke i var. Skulen tilfredsstillar ikkje arealnorma i alle klasserom.

Etter vår vurdering har Knarvik ungdomsskule **areal til 323 elevar**, under føresetnad av at fordeling av elevar på dei ulike klasserom legg aktuelt disponibelt areal til grunn.

✓ **Heimel**

**Folkehelseloven, kap. 3** og **Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.** samt helsedirektoratets rettleiar til forskrifta "Miljø og helse i barnehagen" (IS-2072).

### Definisjonar:

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsett i lov eller forskrift med heimel i lov.

**Merknad:** Forhold som tilsynsmyndigheita meiner det er nødvendig å påpeike, men som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 57 70  
Telefaks +47 56 37 50 01

## • Vurdering av tilbakemelding

Den 30.01.18 sendte Knarvik ungdomsskule tilbakemelding på varsel om vedtak (ref. 14/1655 – 18/2875). Under er vår vurdering:

1. Det vert opplyst at det har vore endringar på det oppgitte elevtal.  
Miljøretta helsevern ser at det no er ein elev mindre i 8. klasse og ein elev meir i 9. klasse. Totalt er 337 elevar. (Same elevtal som er oppgitt i tabell i «Varsel om vedtak»).
2. Det er tatt utgangspunkt i dei klasseromma som no vert nytta til dei respektive klassane.  
8. klasstrinn sine rom tilfredsstillar arealnorma, då det er 101 elevar, og det er areal til 108 elevar.  
9. og 10. klasstrinn har minst areal. 9. klasstrinn har no 125 elevar og 10. klasstrinn har 111 elevar. Klasseromsareal til 9. og 10. klasstrinn er tilfredsstillande for 108 elevar totalt for kvart av desse klasstrinna.  
10. klasse nyttar andre rom/lokale til 3 elevar, og har då 108 elevar i klasseromma.  
Miljøretta helsevern vurderer at dersom grupperom/tilleggsareal vert opptekne til faste elevar og dersom det ikkje er tilgjengeleg tilleggsareal/grupperom til resten av elevane i klassen, bør minsteareal i klasserom vere 2,5 m<sup>2</sup> pr. elev. Skulen må vurdere arealnorma for kvart klasserom alt ettersom det er tilgjengeleg tilleggsareal/grupperom som klassen kan disponere.  
Syner til rettleiar:  
*Når en klasse/elevgruppe disponerer tilleggsarealer (grupperom, formidlingsrom eller andre rom) i nærheten av klasserommet/hovedrommet, må klasserommet/hovedrommet planlegges etter en arealnorm på minimum 2 m<sup>2</sup> pr. elev. Så lenge inneklimate er tilfredsstillende og aktiviteten i rommet er tilpasset, kan elevtallet i enkeltrom (som f.eks. formidlingsrom og auditorier) gjerne være høyere enn normen på 2 m<sup>2</sup> pr. elev tilsier. Dersom klassen/elevgruppen ikke disponerer tilleggsarealer i nærhet til klasserommet/hovedrommet, bør arealet være større, helst opp mot 2,5 m<sup>2</sup> pr. elev. Areal for ansatte kommer i tillegg til arealnomen i avsnittet over.*  
(Areal til lærar og personale (5 m<sup>2</sup> for kvar lærar/personal) trekkast frå. )
3. 9. klasse har pr. d.d. 125 elevar, som er 17 elevar for myke fordelt på arealet. Ellevane på 9. trinn er fordelt på 4 klassar. Det er ikkje store nok rom til alle elevane, og kommunen treng tid for å finne/ skaffe tilleggsareal. Som kompensatorisk tiltak fram til kommunen finn ei løysing, vil 9. klasstrinn få auka lærartettleik, slik at fleire kan jobbe i grupper utanfor klasseromma i andre egna rom/grupperom.  
Miljøretta helsevern ser at skulen har problem med å stille nok areal til alle elevane.

Utifrå tilbakemelding vurderer Miljøretta helsevern at skulen ikkje tilfredsstillar arealnorma for alle elevane ved Knarvik ungdomsskule. Miljøretta helsevern opprettheld avvik påpeikt i «Varsel om vedtak» sendt 02.01.18.

## • Oppsummering

For at skulen skal kunne godkjennast etter *Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler (Skulemiljøforskrifta)*, skal alle krav i forskrifta vere oppfylt. Det er ikkje høve til å gje midlertidig godkjenning eller godkjenning på vilkår.

Knarvik ungdomsskule fyller ikkje krava til inneareal i klasseromma (§9). For lite areal fremjar ikkje helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige tilhøve (§ 1).

*Skulemiljøforskrifta:*

«At en skole ikke får godkjenning betyr ikke at den ikke kan drives videre, men manglende godkjenning vil innebære nærmere oppfølging fra kommunen, med sikte på godkjenning.»

- **Vedtak**

Miljøretta helsevern i Lindås kommune har vurdert søknad og tilbakemelding frå skulen, og finn at Knarvik ungdomsskule ikkje har tilstrekkeleg areal innandørs til 360 elevar (jf. § 9).

**Knarvik ungdomsskule får ikkje helseverngodkjenning etter «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.» § 6 for 360 elevar, då §§ 1 og 9 i forskrifta ikkje er oppfylt.**

Skulen må vise til at alle forskriftas krav er oppfylt før skulen på ny kan søkje om godkjenning etter forskrifta.

Vedtaket er heimla i Folkehelseloven, kap. 3 og i samsvar med Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. § 6.

**Om klage over vedtak:**

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen etter *Forvaltningsloven kap. 6 og Lov om folkehelsearbeid § 19*. Klagen skal vere skriftleg og grunngjeve, og sendast kommunen v/Miljøretta helsevern. Frist til å klage er satt til 3 veker frå dette brevs mottaksdato.

Med helsing

Terese Folgerø  
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde  
teknisk-hygienisk ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Link til forskrift og rettleiing:

<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/veileder-til-forskrift-om-miljorettet-helsevern-i-barnehager-og-skoler>

**Kopi til:**

Hogne Haugsdal  
Knut Hopland  
Kristin Moe  
Monica Vabø Reigstad  
Postmottak Lindås kommune  
Ragna Midtbø  
Therese Urdahl Braseth  
Ørjan Raknes Forthun